

## Regionalt planforum 10.06.2021

### Sak 1: Karlsøy kommune – detaljregulering Hav og Fjell

<b>Sted:</b>	Digitalt på teams
<b>Tid:</b>	10.06.2021, 10.00
<b>Møteleder:</b>	Anne Øvrejorde Rødven
<b>Referent:</b>	Karoline Jacobsen Kvalvik
<b>Dokument:</b>	Dokumenter til møtet er tilgjengelig via planforums nettsider <b>under «sakspapirer og referat»:</b> <a href="https://www.tffk.no/tjenester/plan-og-horinger/regionalt-planforum/">https://www.tffk.no/tjenester/plan-og-horinger/regionalt-planforum/</a>

### Deltakarliste

Anne Øvrejorde Rødven	<a href="mailto:Anne.ovrejorde@tffk.no">Anne.ovrejorde@tffk.no</a>	Troms og Finnmark fylkeskommune, plan
Karoline Jacobsen Kvalvik	<a href="mailto:karoline.kvalvik@tffk.no">karoline.kvalvik@tffk.no</a>	Troms og Finnmark fylkeskommune, plan
Kjell Ove Schei	<a href="mailto:kjell.ove.schei@vegvesen.no">kjell.ove.schei@vegvesen.no</a>	Statens vegvesen
Martha Kårevik Stalsberg	<a href="mailto:martha.stalsberg@tffk.no">martha.stalsberg@tffk.no</a>	Troms og Finnmark fylkeskommune, samferdsel/klima
Hanne Lunde Vangen	<a href="mailto:hanne.lunde.vangen@tffk.no">hanne.lunde.vangen@tffk.no</a>	Troms og Finnmark fylkeskommune, samferdsel
Eivind Høstmark Borge	<a href="mailto:eivind.borge@tffk.no">eivind.borge@tffk.no</a>	Troms og Finnmark fylkeskommune, friluftsliv/vilt
Oddvar Brenna	<a href="mailto:fmtrobr@statsforvalteren.no">fmtrobr@statsforvalteren.no</a>	Statsforvalteren i Troms og Finnmark, plan
Gaute Sletteland	<a href="mailto:gasle@statsforvalteren.no">gasle@statsforvalteren.no</a>	Statsforvalteren i Troms og Finnmark, plan
Helene Weydahl Guttorm	<a href="mailto:helene.weydahl.guttorm@mattilsynet.no">helene.weydahl.guttorm@mattilsynet.no</a>	Mattilsynet
Tom-Arne Hansen	<a href="mailto:Tom-Arne.Hansen@mattilsynet.no">Tom-Arne.Hansen@mattilsynet.no</a>	Mattilsynet
Markus Torstad	<a href="mailto:markus.torstad@kartverket.no">markus.torstad@kartverket.no</a>	Kartverket
Anne Sigrun Trandem	<a href="mailto:Anne.Sigrun.Trandem@samediggi.no">Anne.Sigrun.Trandem@samediggi.no</a>	Sametinget, Miljø og areal
Silje Hovdenak	<a href="mailto:Silje.Hovdenak@samediggi.no">Silje.Hovdenak@samediggi.no</a>	Sametinget, Miljø og areal

May-Jorunn Corneliussen	<a href="mailto:may-jorunn.corneliussen@karlsoy.kommune.no">may-jorunn.corneliussen@karlsoy.kommune.no</a>	Avdelingsleder plan og utvikling, Karlsøy kommune
Nina Myrland	<a href="mailto:nina.myrland@karlsoy.kommune.no">nina.myrland@karlsoy.kommune.no</a>	Kommuneplanlegger, Karlsøy kommune
Peter Amundsen	<a href="mailto:pa@arkitektamundsen.no">pa@arkitektamundsen.no</a>	Arkitektkontoret Amundsen AS
Marijne Janssens	<a href="mailto:mj@arkitektamundsen.no">mj@arkitektamundsen.no</a>	Arkitektkontoret Amundsen AS

## Møtereftrat

- Møteleder ønsket velkommen
- Praktisk info
- Opprop og presentasjon av de enkelte deltakarane

## Innleiing

### Karlsøy kommune v/ Nina Myrland

Nina Myrland (kommuneplanleggjar i Karlsøy) presenterer planen, detaljregulering Hav og Fjell. Går gjennom forslaget og kvifor kommunen har gått med på og støtter oppstart av planen.

#### Bakgrunn og intensjon av plan:

(Power Point presentasjon vert lagt ved)

- FT3 – fritids og turistformål i KPA
- 2013: Innsigelse til plan. Denne vart løyst og godkjent ved at det vart stilt krav om reguleringsplan, samt at vilkår om at skitrekking stenges når det er nødvendig (i forhold til reindrift)
- 2019: Oppstart av planarbeid
- 2021: Ny oppstart av planarbeid. Arkitektkontoret Amundsen har på vegne av Hav og Fjell AS varslet oppstart av detaljregulering
- Denne reguleringsplanen er vesentleg større og meir omfattande enn arealet avsett i KPA
- Hav og Fjell ynskjer å utvide eksisterande reiselivsplanlegg og legge til rette for alpin og skianlegg (samt sykling).

#### Kvifor ynskjer Karlsøy dette?

- Planforslaget for Hav og Fjell gir eit tilbod Karlsøy kommune ikkje har i dag. Positive ringverkningar for Karlsøysamfunnet og næringslivet (trivsel, bulyst, arbeidsplassar, sysselsetting, aktivitetstilbod, busetting, reiseliv, sosial arena/møteplassar, tilbod for barn og unge).
- Planen er i tråd med kommunens planstrategi som vart vedteke i haust, strategisk næringsplan og målsettingar i KPS (auke folketallet til 3000 innan 2030, og 100 fleire arbeidsplassar i privat sektor innan 2030).

#### Problemstillingar

- Mogleg arealkonflikt med reindriftsnæringa (Korleis kan vi løyse utfordringa? Det skal utarbeidast KU for reindrift – kva tema er viktig å ta med i KU?)

- Natur og miljø/ naturmangfald: Uberørt natur. Avbøtande tiltak?
- Naturfarer: Aktsemdområde for skred og mindre del for flaum: kva for tiltak må gjerast?
- Trafikksikkerheit

### Arkitektkontoret Amundsen og tiltakshavar

- Prosjekteigar ynskjer å opne opp for større reindriftsområder sidan turistane er interesserte i å sjå rein.  
To utbyggingsalternativ vert presentert:
  1. Spreidd busetnad over heile området – også oppe i fjellet men meir spreidd
  2. Konsentrert busetnad og lågare i området.

Trur begge alternativ gir ulike konsekvensar.

## Innspel frå sektormyndigheitene

### Statsforvaltar v/ Gaute Sletteland

Dette er eit oppstartsvarsel og statsforvaltar ynskjer difor å kome med innspel til sentrale tema som er viktig i ein tidleg fase.

- Statsforvaltar informerer kort om forhistorie med tanke på KPA og FT3-område
- Dåverande fylkesmann fremma innsigelse på bakgrunn av de sterke reindriftsinteressene som er i området (trekk, beiteområdet)
- Innsigelsen vart ikkje tatt til følgje av KMD, men statsforvaltaren opp likevel at KMD trekker linjer som uttrykkjer «hit men ikkje lengre»
- Statsforvaltar poengterer at KMD i sin avgjersle har tatt stilling til konkret arealbruk – der premissa var FT3. Presiserer at ytterlege inngrep som negativt påverkar reindriften ikkje anbefalast.
- Statsforvaltar oppfattar at dette er eit planforslag som legg opp til eit anna arealbruk enn kva KPA legg opp til
- Vi ynskjer å være tydeleg på at det vil være sannsynleg for innsigelse og det er vanskeleg å sjå at eit slik planforslag ikkje medfører innsigelse med tanke på reindrift.
- KU – medverknad er viktig – spesielt reindriftsdistrikta. Handlar om å få kunnskap om korleis området vert brukt.
- KU i frå 2012 – her er det eit poeng at ein tek høgde for i ny KU kva planar har kome til slik ein kan sjå på samla tiltak for reindriften.
- Statsforvaltaren har ikkje varsla innsigelse på naturmangfaldet. Har sagt at innsigelse skal vurderast og presisert at det manglar en god del i kunnskapsgrunnlaget på natursida.

### Statsforvaltar v/Oddvar Brenna

- Skal ein kunne vurdere ei løysing må det ligge ei reindriftsfagleg KU i botn. Må utarbeidast av reindriftsfaglege fagfolk. Når denne ligg på bordet, kan ein vurdere planen nærare.

### Sametinget v/ Ann Sigrunn Trandem

- Beklagar at sametinget ikkje har kome med innspel og ser no at dette er ein plan som har store ringverkingar for reindriftsdistrikta i området og inngrep i naturen
- Positivt at det skal lages en KU og møte med reinbeitedistriktet
- Vil også vurdere innsigelse når planforslaget ligg til høyring med KU og avbøtande tiltak

- Konsultasjonsloven er vedteke no i juni – og er gjeldande for kommunane.

### Mattilsynet v/ Helene Weydahl Guttorm og Tom Arne Hansen

- Mattilsynet vektlegg dyrehelse og velferd knytt til arealbruk, og kor stor innverknad vil bruk av skianlegget ha på natur og dyr
- Viser til innspel frå ungdommen: Blant anna kva anna ein kan bruke området til. Som er med å vise ringverkingar av området.
- Har ikkje noko spesielt grunnlag for å komme med innsigelse (dyrevelferd), men dette bør tas med i KU.
- Det vi ser er at når eit slikt prosjekt er ferdigbygd er det ofte for seint (rein får ikkje beitet i ro, får ikkje flyttet seg etc.).
- Ser ingenting i planen som omhandlar drikkevatn – viss det ikkje adekvat om drikkevatn vert det innsigelse.
- Mattilsynet forventar at det er drikkevatn til alle einingar – som betyr at ein må ha ein plan for å forsyne så mykje folk med vatn.

### Svar Arkitektkontoret Amundsen og tiltakshavar:

- Vann: Tatt masse prøver av eit vatn i nærheitene. Sendt prøver til Oslo. Reint vatn. Kommunen har eit vannanlegg i Glimma – 5 km unna. Skal legge sjøkabel som ikkje vil påverke naturen. Dette er nøye gjennomtenkt
- Planleggast for å lage en VOU-rammeplan for å belyse nettopp det med drikkevatn.

### Svar frå Statsforvaltaren

- Oddvar Brenna: Trekker frem blant anna Målselv fjellandsby korleis ein har handtert reindrifta i bygging av alpinanlegg. Og Finnheia/ Håkøybotn og Harstad.

### Svar frå sametinget:

- For å få dette til er det tidleg dialog som gjelder.
- Vanskeleg å finne gode eksempel. Fordi det fort er ei konfliktsak og vanskeleg å løyse.

### TFFK (Friluftsliv) v/ Eivind Høstmark Borge

- Området er kartlagt som svært viktige friluftsområde
- Viktig å tenke på brukarfrekvensen i området, både topptur og jakt (haustingsaktivitet). Men det er ikkje berre brukarfrekvensen som betyr noko, men også korleis området oppfattast (lyd, geologi, oppleving).
- Bjørnskarvatnet – ein vil sjå inngrep i naturen. For mange vil inngrep forringe. Til dømes lyd og lysforureining Korleis kan ein få avbøtande tiltak? (med tanke på nordlysturismen)
- Korleis ser ein på tiltakshavars ansvar for kanalisering av ferdsel. Korleis vert spreinga av ferdsel ut av dette området (klopping, tilrettelegging).
- Den samla belastninga er viktig. At ein ser på påverkingane samla for friluftslivet og korleis det vil påverke vilt (rypa). Løfte blikket for å sjå det store bildet
- Sikkerheitsaspekt knytt til topphenget av Bjørnskartind.
- Står lite om korleis sykkeltraseane er tenkt anlagt – kor omfattande er dette systemet tenkt? Skal dette gå utover planområdet?

### Kommentar frå tiltakshavar:

- Har hatt møte med Gamnes utmarkslag.
- Konseptet vårt har fått pengar frå innovasjon Norge og studert korleis andre alpinanlegg har gjort det
- I følgje tiltakshavar er alt er ivaretatt frå tiltakshavar si side.
- Vi håper TFFK vil komme på befaring

### TFFK (samferdsel) v/ Martha Kårevik Stalsberg

- Alle tiltak skal utgreiast i forhold til klimaomsyn (tilpassing i forventa klimaendringar)
- Bør ha eige møte med NVE – i forhold til skredproblematikken
- Kvifor er det ikkje fleire alternativ? Til dømes, ikkje alternativ på ulikt omfang og fotavtrykk. Er det mogleg å bygge ut med færre hytter og mindre omfang?
- Klimagassutslepp – må sjå på kva dykk tek i bruk av areal (myr til dømes.) Kva vert klimagassutsleppet om ein drenerer ei myr.
- Skal det leggest vannleidning må det planleggast. Til dømes bør kultur i TFFK og på befaring.

### Statens vegvesen v/ Kjell Ove Schei

- Dette er ikkje riksveg. Det er TFFK som er vegeigar, så vi har uttalt oss meir om trafiksikkerheit.
- Planen gir utfordringar med trafikkmengda heilt til Tromsø
- Trafiksikkerheita i området – ynskjer at det ikkje planleggast for mange kryss. Talet på kryss må reduserast og med tilfredsstillande sikt. Frisiktsoner skal inngå i planområdet og i plankartet
- Tilretteleggjast for kollektivtrafikk slik at deler av trafikken skjer via buss.

### TFFK (samferdsel) v/Hanna Lunde Vangen

- TFFK ynskjer å sjå rammeplanen før den innarbeidast i sjølve planforslaget slik TFFK og tiltakshavar kan ha ein god dialog.
- TFFK kjem til å sjå på etableringa av noverande haldeplass, og kva som skjer med denne i framtida når det kjem utvida bruk

### Svar frå Arkitekturkontoret Amundsen

- Sjølvstøtt naturlig å ta med både samferdsel og statens vegvesen inn i drøftinga i utarbeidelse av rammeplanen

## Spørsmålsrunde

### **TFFK v/Martha Kårevik Stalsberg**

Kan kommunen seie noko om volum?

### Svar kommunen

Vi er oppmerksom på at dette er fire gonger så stort som det som ligg i KPA. Vi har ikkje per no sett på noko anna konkret alternativ.

### Svar tiltakshavar:

Planen var å ta steg for steg. Ynskjer å legge dei totale planane på bordet. Om ein skal sette opp ein gondol, må ein ha god nok økonomi inn i det. Er det grunnlag for å ha gondol og i det heile tatt starte prosjektet?

**TFFK v/ Martha Kårevik Stalsberg**

Det skal opnast for bustadutbygging her. Kva tenkjer kommunen her angående skule etc.?

Svar kommunen:

Dei aller fleste elever kjem til skulen med skulebuss. Det er fullt mogleg med bustadar i denne delen av kommunen. Heile Gamnes-området er dekt med skulebuss. bustadane er tenkt for tilsette som arbeider innanfor planområdet.

**TFFK v/ Eivind Høstmark Borge**

Kva for tankar har ein rundt grunnlaget for drift. Kva ynskjer folk? (Finnheia/Håkøybotn). Stordrift vs. Mindre drift. Kven skal dette selgast til, kven vil være gjester? Vil dette påverke dei andre skianlegga i regionen?

Svar tiltakshaver:

Har drevet med alpint hele livet. Kjenner rasfarane. Det er klart at når en har heldt med det her sidan 1980. Sidan 1990 har tiltakshavar vore i Finland. Vil gjerne ha TFFK (Eivind) på besøk/befaring.

**TFFK v/ Gaute Sletteland**

FT3 – KMD trekker ei klar linje på kva som kan tillatast i dette området. Departementet gir klare føringar for vidare utvikling av området. Vi opplever at vi sit med eit anna inntrykk av kva departementsavgjersla seier enn kva kommunen gjer.

Kommentar kommunen:

May Jorunn frå kommunen måtte forlate møtet og Nina er nyttilsett. Kommunen må kommentere dette seinare.

Kommentar tiltakshavar:

Det er to reineigarar på øya, ein i nord og ein i sør. Vi vart einige, men så vart planen lagt til seide. Skal det lages eit turistanlegg er dette einaste plass. Her er det minst reintråkk. Ser veldig lite rein i dette området. Tiltakshavar har lyst å føre rein for å få rein i området for å få reindriften inn i reiselivsnæringa

**TFFK v/ Anne Øvrejorde Rødven**

Ynskjer at kommunen seier noko om kommunens sitt ståstad – og status i dette arbeidet. Den overordna KU som kjem i KPA

Svar kommunen:

KPA er under revisjon. Per i dag jobbar vi med KU, men ikkje KU på det aktuelle området. Resultatet vil ikkje føreligge før vi har laget denne. Planforslaget er utvilsamt eit godt samfunnsprosjekt for Karlsøy kommune

Sluttkommentar frå Arkitektkontoret Amundsen og tiltakshavar:

Det som handlar om veg. Vi ser stor verdi i å bli tatt med i dialog innan alle fagområde, vanlege møter og digitale møter.

Legg ved at det også er vurdert hurtigbåt mellom hav og fjell og vidare utover. Tenkjer miljøbåter. Alle hotell ligg fem minutt gange frå hamna i Tromsø sentrum.

Sluttkommentar frå statsforvaltar v/ Oddvar Brenna:

Det er ynskjeleg at planen vert sendt til planforum før den vert sendt på høyring.

(eventuell kombinasjon av befarings- og regionalt planforum).